Utdanningsdirektoratet

# Eksamen

30.05.2018

NOR0215 Norsk sidemål
NOR1415 Norsk hovudmål/hovedmål for elevar/elever som er fritekne frå / fritatt fra vurdering i norsk sidemål (dag 2)

## Engasjement




Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.<br>For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.<br>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur, inkludert førebuingsmateriellet, dersom du bruker dei som kjelder. Dersom du bruker innhald eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om oppgåva** | Eksamensoppgåva har to delar. I del A skal du svare på to oppgåver, i del B skal du velje ei av fire oppgåver.<br>Du må sjølv fordele tida slik at du svarer på alle dei tre oppgåvene og alle delane av oppgåvene. |
| **Vedlegg** | A-oppgåva har eitt vedlegg: «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen», på nynorsk side 12–13 og på bokmål side 14–15.<br>I tillegg er det to tekstvedlegg som høyrer til oppgåve B4. Dei ligg rett etter oppgåva. |
| **Praktiske opplysningar** | Du må sjølv velje skrifttype og utforming/layout som er eigna for eksamenssvaret ditt.<br>Du skal skrive bokstav og nummer framfor kvart av oppgåvesvara dine. |
| **Informasjon om vurderinga** | Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider. |
| **Biletkjelder på framsida** | Sjå side 15. |

# Del A

I del A skal du svare på to oppgåver: A1 og A2.

## Oppgåve A1

Bruk tekstvedlegget «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen» på side 12–13 når du svarer på oppgåva.

Skriv ein tekst der du samanfattar nokre av grunnane til at Henry Alexander er blitt veldig oppteken av bilar. Kva meiner du er dei viktigaste årsakene til denne lidenskapen? Grunngje svaret ditt.

## Oppgåve A2

Bruk det same vedlegget som i A1.

Tenk deg at du har praksis i arbeidslivet i Hamar Arbeiderblad. Redaktøren har forkasta tittelen «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen», og du blir beden om å gje innspel til alternative titlar:

- Mekka motor før han kunne gå
- Opel Kadett 1975-modell
- To gutar vel jobben dei elskar og slepp å arbeide resten av livet

Argumenter for den tittelen du liker best, og forklar kort kvifor du ikkje vel dei to andre.

## Del B

I del B skal du velje éi av oppgåvene: B1, B2, B3 eller B4.

## Oppgåve B1

**I førebuingsmateriellet har du lese utdraget «Lillestrøm–Tromsø». Tenk deg at vestlendingane reiser vidare og held fram med det språklege engasjementet sitt. Skriv neste kapittel i same stil som i tekstutdraget. Du skal skrive på sidemålet ditt*, men du kan velje å la replikkane vere på bokmål, nynorsk, dialekt eller slang.**

**Lag overskrift til kapittelet ditt.**

(*Elevar som er fritekne for vurdering i sidemål, skriv på hovudmålet sitt.)

## Oppgåve B2

I førebuingsmateriellet har du lese ulike typar tekstar om menneske som har betydd noko for andre, og som òg har blitt verdsette for engasjementet dei har vist.

**Lokalavisa skal dele ut ein heiderspris til ein person som har vist stort engasjement og har inspirert deg og andre. Skriv ein tekst der du presenterer kandidaten din og overtyder juryen om at din kandidat er den rette.**

**Bruk overskrifta «Heidersprisen 2018».**

## Oppgåve B3

**Skriv ein tekst som skal publiserast på ein nettstad som tar inn ulike typar tekstar om saker ungdomen er opptekne av. Formålet med teksten er å få fram at eit personleg engasjement kan føre til endring og få positive konsekvensar for andre.**

**Lag ei passande overskrift.**

# Oppgåve B4

Du har lese utdrag frå bloggen «Tour de Climat» i førebuingsmateriellet. Det er omsett til nynorsk og ligg òg ved oppgåva etter annonsen, på side 6.

Annonsen under er frå Regnskogfondets kampanjemateriell for TV-aksjonen 2015.

**Beskriv og samanlikn korleis bloggen og annonsen får fram engasjement for miljøet. Kva for målgrupper meiner du tekstane vender seg til? Grunngje svaret ditt.**

**Lag overskrift som får fram engasjement for miljøet.**




Kjelde: Regnskogfondet: «Vi skal vokte regnskogen» – Henta frå www.udir.no, eksamensoppgåve NOR1049, haust 2016

Teksten med lita, kvit skrift under overskrifta «IKKE PÅ MIN VAKT» er omsett til nynorsk for oppgåva:

«Kva skal vi hugse generasjonen vår for? Dei som klarte å redde regnskogane i verda og heimane til 260 millionar menneske? Eller dei som øydela dei?

Vi kan faktisk velje. Halvparten av regnskogane i verda er øydelagde. For alltid. Og det er ikkje berre tre som forsvinn. Regnskogane rommar også uendeleg mykje liv. Her finn du mellom 50 og 80 % av plante- og dyreartane på jorda. Dersom vi raserer regnskogen, påverkar det også framtida di og mi. Regnskogfondet jobbar for å vakte dei siste regnskogane i verda og for at menneska som lever her skal få behalde heimane sine. Ta di vakt.
Bli regnskogvaktar 18. oktober. #REGNSKOGVAKTAR»

# Tour de Climat – jakta på klimaløysingane

6. AUGUST 2017 GJESTEBLOGGAR MARTHE SKAARA

Eg trur det er viktig at vi alle saman tenkjer litt på korleis vi kan løyse klimakrisa. Og når eg seier alle, så meiner eg alle. Alle menneske i alle land. I sommar har eg sykla Danmark på langs og spurt folk eg møtte langs vegen om kva dei meiner er løysinga på klimaproblemet. I fjor sykla eg Noreg på langs og spurde om det same.




Folk reagerer forskjellig når eg fortel dei om prosjektet mitt. Ein mann i Århus meinte at han ikkje var i stand til å løyse nokon ting. Nokre er travle og tek seg ikkje tid til å stoppe opp for å tenkje, men mange bidreg til prosjektet. Dei stoppar opp, tek seg nokre minutt til å reflektere litt over kanskje det aller største og viktigaste spørsmålet i vår tid. Og så skriv dei løysingane sine på små papirlappar som eg kallar klimakort.

Dei unge eg møter har faktisk tenkt ein del på korleis dei sjølve kan leve berekraftig. Dei skriv klimakort med stikkord for kva dei sjølve kan gjere, og kva dei gjer, for å redusere karbonavtrykket sitt.

Det er urettferdig at vi i dei rike landa skal bruke opp dei felles ressursane i verda og forsøple atmosfæren med utsleppa våre, samstundes som det er folka i dei fattigaste landa som er mest utsette for klimaendringane og konsekvensane som tørke og flaum. Fleire av dei unge eg møtte langsmed vegen, spør etter meir empati og mindre egoisme.

Jens Hesselbjerg Christensen, ein av dei fremste klimaforskarane i Danmark, meiner at løysinga på klimakrisa er ei meir rettferdig verd. Dei superrike har det fint som det er, dei har ikkje noko hastverk med å løyse verdsproblema.

Forholdet menneska har til naturen er tema i ARoS, det mest kjende museet i Århus. Da eg gjekk opp trappene til museet, blei det tydeleg for meg at berre fem dagar på sykkeltur hadde ført til ganske store endringar i kroppen min. Muskelmassane hadde blitt synleg større. Men kva hadde turen gjort med måten eg tenkjer på? Etter meir enn 3000 kilometer på sykkelsetet gjennom Noreg og Danmark, veit eg berre éin ting heilt sikkert. Ingenting skjer av seg sjølv. For å kome dit vi vil, må vi trø til.



Kjelde: https://gronnejenter.no/2017/08/06/tour-de-climat-jakten-pa-klimalosningene/ – Lasta ned 09.01.2018, omsett og omarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.<br>For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.<br>Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur, inkludert forberedelsesmateriellet, dersom du benytter disse som kilder. Hvis du bruker innhold eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om oppgaven** | Eksamensoppgaven består av to deler. I del A skal du svare på to oppgaver. I del B skal du velge én av fire oppgaver.<br>Du må selv fordele tida slik at du svarer på alle de tre oppgavene og alle delene av oppgavene. |
| **Vedlegg** | A-oppgaven har ett vedlegg: «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen», på nynorsk side 12–13 og på bokmål side 14–15.<br>I tillegg er det to tekstvedlegg som hører til oppgave B4. De ligger rett etter oppgaven. |
| **Praktiske opplysninger** | Du må selv velge skrifttype og utforming/layout som er egnet for eksamenssvaret ditt.<br>Du skal skrive bokstav og nummer foran hvert av oppgavesvarene dine. |
| **Informasjon om vurderingen** | Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider. |
| **Bildekilder på forsiden** | Se side 15. |

# Del A

I del A skal du svare på to oppgaver: A1 og A2.

## Oppgave A1

**Bruk tekstvedlegget «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen» på side 14–15 når du svarer på oppgaven.**

**Skriv en tekst hvor du sammenfatter noen av grunnene til at Henry Alexander er blitt veldig opptatt av biler. Hva mener du er de viktigste årsakene til denne lidenskapen? Begrunn svaret ditt.**

## Oppgave A2

Bruk det samme vedlegget som i A1.

**Tenk deg at du har praksis i arbeidslivet i Hamar Arbeiderblad. Redaktøren har forkastet tittelen «Vil ha bilen klar til 18-årsdagen», og du blir bedt om å gi innspill til alternative titler:**

- **Mekket motor før han kunne gå**
- **Opel Kadett 1975-modell**
- **To gutter velger jobben de elsker og slipper å arbeide resten av livet**

**Argumenter for den tittelen du liker best, og forklar kort hvorfor du ikke velger de to andre.**

# Del B

I del B skal du velge én av oppgavene: B1, B2, B3 eller B4.

## Oppgave B1

**I forberedelsesmateriellet har du lest utdraget «Lillestrøm–Tromsø». Tenk deg at vestlendingene reiser videre og fortsetter sitt språklige engasjement. Skriv neste kapittel i samme stil som i tekstutdraget. Du skal skrive på sidemålet ditt*, men du kan velge å la replikkene være på bokmål, nynorsk, dialekt eller slang.**

**Lag overskrift til kapittelet ditt.**

(*Elever som er fritatt for vurdering i sidemål, skriver på hovedmålet sitt.)

## Oppgave B2

I forberedelsesmateriellet har du lest ulike typer tekster om mennesker som har betydd noe for andre, og som også har blitt verdsatt for engasjementet de har vist.

**Lokalavisa skal dele ut en hederspris til en person som har vist stort engasjement og har inspirert deg og andre. Skriv en tekst der du presenterer din kandidat og overbeviser juryen om at din kandidat er den rette.**

**Bruk overskriften «Hedersprisen 2018».**

## Oppgave B3

**Skriv en tekst som skal publiseres på et nettsted som tar inn ulike typer tekster om saker ungdom er opptatt av. Formålet med teksten skal være å få fram at et personlig engasjement kan føre til endring og få positive konsekvenser for andre.**

**Lag en passende overskrift.**

## Oppgave B4

Du har lest utdrag fra bloggen «Tour de Climat» i forberedelsesmateriellet, og det ligger også ved oppgaven etter annonsen, på side 11.

Annonsen under er fra Regnskogfondets kampanjemateriell for TV-aksjonen 2015.

**Beskriv og sammenlikn hvordan bloggen og annonsen får fram engasjement for miljøet. Hvilke målgrupper mener du tekstene henvender seg til? Begrunn svaret ditt.**

**Lag overskrift som får fram engasjement for miljøet.**




Kilde: Regnskogfondet: Vi skal vokte regnskogen» – Hentet fra www.udir.no, eksamensoppgave NOR1049, høst 2016

Tekst med liten, hvit skrift under overskriften «IKKE PÅ MIN VAKT»:

«Hva skal vår generasjon huskes for? De som klarte å redde verdens regnskoger og hjemmene til 260 millioner mennesker? Eller de som ødela den?

Vi har faktisk valget. Halvparten av verdens regnskoger er ødelagt. For alltid. Og det er ikke bare trær som forsvinner. Regnskogene rommer også uendelig mye liv. Her finner du mellom 50 og 80 % av jordas plante- og dyrearter. Raseres regnskogen påvirker det også din og min framtid. Regnskogfondet jobber for å vokte de siste regnskogene i verden og for at menneskene som lever her skal få beholde hjemmene sine. Ta din vakt.
Bli regnskogvokter 18. oktober. #REGNSKOGVOKTER»

# Tour de Climat – jakten på klimaløsningene

6. AUGUST 2017 GJESTEBLOGGER MARTHE SKAARA

Jeg tror det er viktig at vi alle sammen tenker litt på hvordan vi kan løse klimakrisen. Og når jeg sier alle, så mener jeg alle. Alle mennesker i alle land. I sommer har jeg syklet Danmark på langs og spurt folk jeg møtte langs veien om hva de mener er løsningen på klimaproblemet. I fjor syklet jeg Norge på langs og stilte det samme spørsmålet.




Folk reagerer forskjellig når jeg forteller dem om prosjektet mitt. En mann i Århus mente at han ikke var i stand til å løse noen ting. Noen er travle og tar seg ikke tid til å stoppe opp for å tenke, men mange bidrar til prosjektet. De stopper opp, tar seg noen minutter til å reflektere litt over det kanskje aller største og viktigste spørsmålet i vår tid. Og så skriver de løsningene sine på små papirlapper som jeg kaller klimakort.

De unge jeg møter har faktisk tenkt en del på hvordan de selv kan leve bærekraftig. De skriver klimakort med stikkord for hva de selv kan gjøre, og hva de gjør, for å redusere sitt karbonavtrykk.

Det er en urettferdighet i at vi i de rike landene skal bruke opp verdens felles ressurser og forsøple atmosfæren med utslippene våre, samtidig som det er befolkningen i de fattigste landene som er mest utsatt for klimaendringene og konsekvensene som tørke og flom. Flere av de unge jeg møtte langs veien, etterspør mer empati og mindre egoisme.

Jens Hesselbjerg Christensen, en av Danmarks fremste klimaforskere, mener at løsningen på klimakrisen er en mer rettferdig verden. De superrike har det fint som det er, de har ikke noe hastverk med å løse verdensproblemer.

Menneskets forhold til naturen er tema i ARoS, Århus mest kjente museum. Da jeg gikk opp trappene til museet, ble det tydelig for meg at bare fem dager på sykkeltur hadde ført til ganske store forandringer i kroppen min. Muskelmassene hadde blitt synlig større. Men hva hadde turen gjort med måten jeg tenker på? Etter mer enn 3000 kilometer på sykkelsetet gjennom Norge og Danmark, vet jeg bare én ting helt sikkert. Ingenting skjer av seg selv. For å komme dit vi vil, må vi trø til.



Kilde: https://gronnejenter.no/2017/08/06/tour-de-climat-jakten-pa-klimalosningene/ – Lastet ned 09.01.2018, bearbeidet av Utdanningsdirektoratet.

# Vedlegg til A-oppgåvene – NYNORSK

## Vil ha bilen klar til 18-årsdagen




MEKKEGUTTA: For halvanna år sidan fekk Henry Alexander Arvesen Kløvstad (11) (t.v.) frå Åsbygda ein gammal Opel. Sidan da har den allereie kyndige mekkaren og veslebror Lars Johan Arvesen Kløvstad (8) jobba med å setje i stand bilen.

Hanne Maren Torpen Hokstad **Publisert:** 27.02.2017 07:00:31 **Oppdatert:** 27.02.2017 07:05:48

**Henry (11) blei bileigar allereie for eit par år sidan. Saman med veslebror Lars Johan og ein kompis jobbar han jamt og trutt for å setje i stand Opel Kadett'n.**

– No skrapar vi av gammal Tectyl. Så skal vi pusse dei små rustflekkane. Vi skal fikse han opp, lakkere han opp og få han køyrbar, sånn at det går an å køyre han etter vegen.

Henry Alexander Arvesen Kløvstad (11) gyv laus med skrape inne i bilen. Saman med veslebror Lars Johan (8) og kompisen Tom Arild Westerhaug (12), alle frå Stange, skal han setje i stand ein Opel Kadett frå 1975.

– Eg har skjermar til han, panser og frontrute, men det har eg teke av. Panseret skal bytast, fortel Henry.

Når bilen om nokre år er klar for det, skal han lakkerast.

– Ja, han skal vere blålilla og ha kvite skjermar, seier Henry.

### FEKK MOTOR SOM BABY

For dei aller fleste vil nok bilen til Henry sjå ut som noko som høyrer heime hos høgger'n. Men ikkje for familien i Åsbygda. Mor May Grethe Kløvstad er bilmekanikar. Gutane har vore med ho i verkstaden sidan dei låg i barnevogn.

Medan andre småtassar leikte med puttekasser, skrudde brørne i Åsbygda på kvar sin motor.

– Alle barna mine, også dottera mi, fekk kvar sin Ford-motor før dei kunne gå. Motorane sat dei og skrudde på. Så vi har øydelagt mykje klede oppigjennom, seier May Grethe.

Ho fortel at mange ristar litt på hovudet av det dei driv med oppi Åsbygda, men at det berre er interessa si gutane dyrkar.

– Eg har måtta ringje ned på skolen fleire gonger for å seie ifrå om at Henry er svart på fingrane fordi han har drive med Tectyl. Da ler dei litt ...

### FØLGJER I MORA SINE FOTSPOR

Gutane skal gjere det meste av grovarbeidet med bilen sjølve, så skal dei vaksne hjelpe til litt med sveising og sånt. Med litt assistanse skiftar Henry motoren sjølv.

– Det er mykje jobb, men denne bilen er ikkje daud, seier May Grethe.

Ho har også lagt ut ein videosnutt av mekkinga på ei veteranbilside på Facebook. Ho har fått over 1200 likes. Ein trønder som fekk sjå filmen, har tilbode seg å kome med ein haug Kadett-delar til dei ivrige gutane.

Henry og Lars Johan har vakse opp i eit bilmiljø. Vegg i vegg med familien sitt hus har Black Wolfs AMC og veteranklubb lokala sine. Brørne er med i klubben, som er som ein familie for dei. Og det er ingen tvil om kva Henry skal livnære seg av når han blir vaksen.

– Eg skal bli bilmekanikar! slår den nevenyttige 11-åringen fast.

Kjelde: http://www.h-a.no/nyhet/mekket-motor-for-de-kunne-gaa – Lasta ned 06.12.2017, omsett av Utdanningsdirektoratet.

# Vedlegg til A-oppgavene – BOKMÅL

## Vil ha bilen klar til 18-årsdagen




MEKKEGUTTA: For halvannet år siden fikk Henry Alexander Arvesen Kløvstad (11) (t.v.) fra Åsbygda en gammel Opel. Siden da har den allerede kyndige mekkeren og lillebror Lars Johan Arvesen Kløvstad (8) jobbet med å sette i stand bilen.

Hanne Maren Torpen Hokstad **Publisert:** 27.02.2017 07:00:31 **Oppdatert:** 27.02.2017 07:05:48

**Henry (11) ble bileier allerede for et par år siden. Sammen med lillebror Lars Johan og en kompis jobber han jevnt og trutt for å sette i stand Opel Kadett'n.**

– Nå skraper vi av gammel Tectyl. Så skal vi pusse de små rustflekkene. Vi skal fikse den opp, lakkere den opp og få den kjørbar, sånn at det går an å kjøre den etter vegen.

Henry Alexander Arvesen Kløvstad (11) gyver løs med skrape inni bilen. Sammen med lillebror Lars Johan (8) og kompisen Tom Arild Westerhaug (12), alle fra Stange, skal han sette i stand en Opel Kadett fra 1975.

– Jeg har skjermer til den, panser og frontrute, men det har jeg tatt av. Panseret skal byttes, forteller Henry.

Når bilen om noen år er klar for det, skal den lakkeres.

– Ja, den skal være blålilla og ha hvite skjermer, sier Henry.

### FIKK MOTOR SOM BABY

For de aller fleste vil nok Henrys bil se ut som noe som hører hjemme hos høgger'n. Men ikke for familien i Åsbygda. Mor May Grethe Kløvstad er bilmekaniker. Guttene har vært med henne i verkstedet siden de lå i barnevogn.

Mens andre småtasser lekte med puttekasser, skrudde brødrene i Åsbygda på hver sin motor.

– Alle barna mine, også datteren min, fikk hver sin Ford-motor før de kunne gå. Dem satt de og skrudde på. Så vi har ødelagt mye klær oppigjennom, sier May Grethe.

Hun forteller at mange rister litt på hodet av det de driver med oppi Åsbygda, men at det bare er interessen sin guttene dyrker.

– Jeg har måttet ringe ned på skolen flere ganger for å si ifra om at Henry er svart på fingrene fordi han har drevet med Tectyl. Da ler de litt ...

FØLGER I MORS FOTSPOR

Guttene skal gjøre det meste av grovarbeidet med bilen selv, så skal de voksne hjelpe til litt med sveising og sånt. Med litt assistanse skifter Henry motoren selv.

– Det er mye jobb, men denne bilen er ikke død, sier May Grethe.

Hun har også lagt ut en videosnutt av mekkingen på en veteranbilside på Facebook. Den har fått over 1200 likes. En trønder som fikk se filmen, har tilbudt seg å komme med en haug Kadett-deler til de ivrige guttene.

Henry og Lars Johan har vokst opp i et bilmiljø. Vegg i vegg med familiens hus har Black Wolfs AMC og veteranklubb sine lokaler. Brødreparet er med i klubben, som er som en familie for dem. Og det er ingen tvil om hva Henry skal livnære seg av når han blir voksen.

– Jeg skal bli bilmekaniker! slår den nevenyttige 11-åringen fast.

Kilde: http://www.h-a.no/nyhet/mekket-motor-for-de-kunne-gaa – Lastet ned 06.12.2017

# Biletkjelder/bildekilder på framsida/forsida

Alle biletkjeldene/bildekildene er lasta/lastet ned 12.12.2017.

**1: «Laget for lidenskap»**
http://www.kristiansundfk.no/wp-content/uploads/2016/10/gratulerer-til-kbk-750x350.gif

**2: «Kamilla fra Alta hoppet i havet for et oljefritt Lofoten»,** foto Nick Cobbing, Greenpeace:
https://www.altaposten.no/nyheter/2017/08/03/%C3%98vde-p%C3%A5-sivil-ulydighet-15103092.ece?cx_front_click=recs_front&cx_front_click_place=1&cx_front_click_articles=1

**3: Ubok formidling: «Hvordan kan du inspirere unge til å lese?»**
https://www.aschehoug.no/var/ezdemo_site/storage/images/aco_nor/detdumaalese2/nyheter-og-artikler/hvordan-kan-du-inspirere-unge-til-aa-lese/921066-1-nor-NO/Hvordan-kan-du-inspirere-unge-til-aa-lese.jpg

**4 : Røde Kors Ungdoms kampanje: «Jeg er ENsom bryr meg»**
https://www.rodekors.no/contentassets/5a0db14873184ebf876a29419c0a7e32/en_som-logofarge-636x420_width_636.jpeg?width=636&height=420&quality=70&anchor=topleft

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no

Utdanningsdirektoratet